

**Plan for
Helsemessig
og
Sosial beredskap
i
Høyanger kommune**



HØYANGER KOMMUNE

August. Gunnarskogsgate

Boks 159

6991 HØYANGER

Tlf. 577 11 500

Fax. 577 11 501

e-post: postmottak@hoyanger.kommune.no

Oppdragsgjevar:

Formannskapet i

Høyanger kommune

Kontakt vedk. planen:

Høyanger kommune

Kommunalsjef Toril Varden

Boks 159

6991 Høyanger

e-post: postmottak@hoyanger.kommune.no

FØREORD

”Lov av 23.06.2000 om helsemessig og sosial beredskap” pålegg kommunane å ha beredskapsplan for sine helse- og sosialtenester. Tilsvarende gjeld krav til helseføretaka, basert m.a. på dei kommunale planane.

Helseberedskapsplanen for Høyanger kommune er utarbeidd av kommunalsjef med bakgrunn i " Lov om helsemessig og sosial beredskap 2000", "Veileder for kommunale risiko- og sårbarhetsanalyser" (Direktorat for sivilt beredskap 1994) og innspel frå leiargruppa i helse og sosial.

Forslaget til mal er utarbeidd med bakgrunn i:

- kommunehelselova,
- lov om helsemessig og sosial beredskap, med forskrifter og kommentarar,
- retningslinjene for den sivile redningstenesta,
- rapporteringssystemet som vert nytta av fylkesmennene og helsetilsyna, og
- publikasjonar frå Direktoratet for sivilt beredskap (DSB) om kommunal planlegning.

I samband med rullering av katastrofeplanen er det er naturleg å sjå helseberedskapsplan i ein heilskap der katastrofeplan og ressursplan inngår som del av den samla planen.

Planen er planlagt vurdert 2 gonger pr år. Denne planen er ein del av kommunen sin beredskapsplan.

Toril Varden

Kommunalsjef for helse og sosial

A GENERELL DEL - *formål, grunnlag, ansvar og revisjon*

1 INNLEIING

1.1 FORMÅL MED PLANEN

Planen skal medverke til å sikre forsvarleg handtering innan kommunen sitt ansvarsområde ved akutte og ekstraordinære situasjonar, som har - eller kan få innverknad på befolkninga si helse og/eller helsetenesta sin funksjonsdugleik.

Målet med planen er vidare å sikre at tenesteområde helse og sosial effektivt og raskt kan løyse oppgåver som kan falle på helse- og sosialteneste i kommunen, i krig og ved kriser og katastrofe i fredstid. Planen skal omfatte dei oppgåver som tenesteområde helse- og sosial er pålagt av sentrale mynde, og av kommunen si leiing. Planen er ein del av "Beredskapsplan for Høyanger kommune."

1.2 GRUNNLAG FOR PLANEN

Kommunen pliktar å utarbeide ein beredskapsplan for si helseteneste i samsvar med "Lov om helsemessig og sosial beredskap av 23.06.2000". Helseberedskapsplanen skal samordnast med kommunen sine andre beredskapsplanar (khl § 1-5).

Beredskapslova krev m.a. at kommunen si helseteneste under ein ekstraordinær situasjon skal kunne fortsette, legge om eller utvide si verksemd.

1.2.1 HOVUDPRINSIPP

Ansvar: Den som har ansvar i normalsituasjon har også ansvar ved ekstraordinære hendingar.

Organisering: Organisasjonen i krisesituasjonar, skal vere mest mogleg lik den ein har til dagleg. Krisa skal handterast på lågast mogleg nivå.

1.2.2 SAMORDNING

Kommunen si helseteneste skal ivareta ordinære funksjonar så langt mogleg i krisesituasjonar. Ein ekstraordinær situasjon berører fleire sektorar. Det er behov for samordning av tiltak.

1.2.3 MÅLSETTING

Førebygge: Medverke til at sjukdom og skade ikkje oppstår, evt. at omfanget blir minst mogleg.

Innsats: Medverke til størst mogleg grad av overleving, og med minst mogeleg komplikasjonar.

1.2.4 utfordringar

Oppståtte kritiske situasjonar. Sitasjonar som kan utvikle seg til å bli kritiske.
Auka behandlingsbehov,
Redusert behandlingskapasitet

1.2.5 DEFINISJONAR

Ei krise eller ein katastrofe er ein situasjon der det akutte hjelpebehoet ikkje kan dekkast av tilgjengelege ressursar, og ordinære ansvarsforhold strekk ikkje til, og omlegging eller ekstra tilførsel av ressursar er nødvendig.

1.3 PLANAR, LOVER OG RETNINGSLINER

1.4 Plan for kriseleiing i Høyanger kommune.

Planlegging av helsetenestene for katastrofar og krig.
(Helsedirektoratet 1980, ny utgave 1985).

Beredskapshandbok for kommunen.
(Direktoratet for sivil beredskap 1989).

Lov om helsetenestene i kommunene av 19.november 1982 nr. 66,
Lov om vern mot smittsame sjukdommar av 5. august 1994 nr.55.
Lov om helsemessig og sosial beredskap av 23. juni 2000 nr. 56.

1.4 ANSVAR OG OPPGÅVER

Ved ulykker/katastrofar i *fredstid, der liv og helse er truga* innan Høyanger kommune, vil *politiet i Høyanger* vere ansvarleg instans for alt redningsarbeid og opprette Lokal Redningsentral (LRS). Politiet vil opprette leie og koordinere redningsarbeidet derifrå.

Dersom katastrofeleiinga ønskjer bistand frå tenesteområde helse og sosial Høyangekommune, skal førespurnad rettast via Legevaktsentral eller AMK til kommunalsjefen for helse og sosial eller kommunalsjefen for helse og sosial sin stedfortreder. Vidareformidling kan og skje gjennom ordførar eller rådmann. I Høyanger kommune er ordføraren beredskapsleiar.

Tenesteområde helse og sosial skal være førebudd på å støtte med alle nødvendige ressursar etter pålegg frå overordna i kommunen, fylkeslegen, eller politimeisteren gjennom Lokal Redningsentral (LRS).

Dersom det oppstår ein situasjon som kan ha innverknad på helsetilstanden innan kommunen utan at det kjem noko pålegg frå overordna instans, skal kommunalsjefen for helse og sosial eller vakthavande lege i SYSIKL sjølv ta initiativ til straks å iverksette nødvendige tiltak. Dersom tida tillet det, skal dei først orientere og søke råd hos kriseleiinga i kommunen

1.5 OPPLÆRING.

Det er ei leiaroppgåve å sørge for at personell som har oppgåver i krisesituasjonar, kjenner denne planen. Det skal gjevast opplæring ved tilsetjing av nye medarbeiderar. Aktuelt personell bør gjevast jamnleg opplæring, og skal kunne vidareutvikle sin kompetanse i krisesituasjonsarbeid.

1.6 ØVINGAR.

Ansvarleg for planverket skal i samarbeid med kommunen si øvrige kriseleing sjå til at det annakvart år vert planlagt og gjennomført kriseøving.

1.7 REVISJON OG OPPDATERING.

Kommunalsjef for helse og sosial er ansvarleg for oppdatering av beredskapsbok for tenesteområde helse og sosial. Slik oppdatering kan skuldast organisasjonsmessige endringar eller andre forhold som tilseier oppdatering.

Frist for oppdatering: Planen skal vere gjennomgått **innan** 01. oktober kvart år.

Det skal lagast ei endringsmelding over alle dokument som er komne i ny versjon sidan forrige distribusjonsrunde. Denne endringsmeldinga følgjer med ved utskrift av planen.

Kommunalsjef for helse og sosial skal gjennomgå sjekklista og kontrollere:

- ⇒ om målsettinga til planen bør endrast
- ⇒ rutinar for årleg kvalitetskontroll og vedlikehald er fulgt eller må justerast
- ⇒ målsettinga for arbeidet er oppnådd

2. KOMMUNEN SITT ANSVAR OG OPPGÅVER

2.1 TENESTEOMRÅDE HELSE OG SOSIAL

-Skal sørge for nødvendig helseteneste for alle som bur eller mellombels oppheld seg i kommunen.

-Skal m.a. omfatte hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar.

-Skal utpeike ein kommunelege til å vere medisinsk-fagleg rådgjevar for helsetenesta.

-Skal medverke til at helsemessige omsyn blir ivareteke av andre offentlege organ dersom deira verksemd har verknad for helsetenesta sitt arbeid.

-Skal av eige tiltak gje informasjon om dei forhold som er nemnd ovanfor til dei offentlege organ som har ansvar for iverksetting av tiltak som kan verke inn på helsa.

-Ved ulykker og andre akutte situasjonar som forårsaker ekstraordinær pågang av pasientar, kan kommunen pålegge helsepersonell som tenestegjer i kommunen, å utføre nærare tilvist arbeid.

-Dersom forholda tilseier det, skal helsetenesta i kommunen yte bistand til andre kommunar ved ulykker og andre akutte situasjonar.

2.2 ETABLERING AV KRISELEIING

Ekstraordinære situasjonar krev koordinerte tiltak.

Etablering av kriseleiing skal skje ved trugande situasjon, med fare for at ein ekstraordinær situasjon kan oppstå, og når ekstraordinær situasjon har oppstått.

2.3 ORDFØRRAR/BEREDSKAPSLEIAR.

Det direkte ansvar for å iverksette nødvendige krisetiltak ligg hos ordføraren. Beredskapsleiar skal varsle kommunalsjef for helse og sosial og gje nødvendige ordrer og fullmakter.

2.4 KOMMUNALSJEF FOR HELSE OG SOSIAL.

Kommunalsjef for helse og sosial vil motta varsel direkte frå legevaktsentralen, AMK, ordfører eller overordna i kommunen, jfr. katastrofeplan.

Kommunalsjef for helse og sosial varsler vidare i samsvar med varslingsplan,

Kommunalsjef for helse og sosial gir ein kortfatta orientering om kva slags ulykke/katastrofe som har skjedd og kva slag førebuing som skal gjerast.

Etter å ha sendt ut mellombels varsel vil kommunalsjef for helse og sosial saman med lege, evt legevakslege, straks søke nærare informasjon om ulykka/katastrofa sin art og omfang, vurdere korleis oppgåver som kan falle på kommunen si helse- og sosialteneste, og sende ut melding til dei som skal medverke .

2.5 KATASTROFESTAB.

Kommunalsjef for helse og sosial sin katastrofestab skal etablerast dersom kommunalsjef for helse og sosial finn dette nødvendig. Katastrofestaben skal vere operativ inntil situasjonen eventuelt vert vurdert slik at vanleg dagdrift vil vere tilstrekkeleg. Lokaliseringsstad for katastrofestaben er kommunalsjef for helse og sosial sitt kontor i Høyanger Helsesenter.

Katastrofestaben består av:

Kommunalsjef for helse og sosial: Toril Varden

Smittevernelege: Dagfinn Astor

Leiar av Høyanger sjukeheim: Oddveig Eide

Leiande helsesøster: Marit Nordstrand

Driftsleiar Høyanger Bustadstifting: Terje Lillehaug

NAV-leiar, barnevernsleiar og avd.leiar fys.med. vert kalla inn ved behov.

Oppgåver som er viktige å ivareta:

- Leiing og koordinering av verksemda
- Medisinsk fagleg rådgiving og koordinering av medisinsk fagleg verksemd

- Personal/ressursallokering
- Informasjon/kommunikasjon
- Dokumentasjon

Orientering av underordna personell, avdelingar og institusjonar

2.5.1 OMDISPONERING AV PERSONELL - redusere ikkje prioriterte tenester.

Auka behov for pleie- og omsorgstenester td, kan føre til behov for mellombels å redusere anna verksemd.

2.6 HELSESTASJONEN.

Helsestasjonen skal prøve å oppretthalde drifta som normalt. I tillegg skal helsestasjonen vere førebudd på auka pågang av pasientar ved behov for auka smittevern og/el. vaksinasjon, og at kommunalsjef for helse og sosial ved behov kan overføre personell frå helsestasjonen til anna prioritert teneste. Leiande helsesøster er ansvarleg for at helsestasjonen har eigen plan for krisehandtering.

2.7. LEGETENESTA - VAKTHAVANDE LEGE

Vakthavande lege i SYS IKL er ansvarleg for medisinsk fagleg rådgjeving. Kommunen sitt smittevern og miljøretta helsevern vert ivareteke av legen med dette ansvaret jfr. Smittevernplan. Vakthavande lege i SYS IKL skal koordinere informasjon om medisinsk fagleg verksemd ved ein evt. katastrofe, og skal informere kommunalsjef for helse og sosial om status i situasjonen.

Prosedyre for iverksetjing av tiltak for å hindre smittespreiing framgår av kommunen sin smittevernplan. Lov om miljøretta verksemd og lov om smittevern regulerer elles denne verksemda.

2.7.1 Bruk av legar i krisesituasjonar.

Kommunalsjef for helse og sosial vil i samråd med vakthavande lege i SYSIKL og AMK kunne beordre ein eller fleire legar til samlingsplass for skadde og uskadde.

Høyanger har 5 allmennleger. I spesielle tilfelle er det aktuelt å beordre desse til skadestad. Som regel vil det vere betre at legene blir på sine kontor og tar seg av behandling av lettare skadde der. Oversikt over legar med kontoradresse og telefonnummer ligg ved i planen. Som følgje av utskriving frå FSS, vil det kunne oppstå behov for meir legetenester i kommunen.

2.8 PLEIE OG OMSORG.

Høyanger sjukeheim skal førebu mottak av pasientar frå FSS, eller gjennom ekstraordinær tildeling av pleie- og omsorgstenester som den aktuelle situasjonen krev. Dersom ein slik situasjon oppstår, skal institusjonane skaffe det nødvendige tal senger med nødvendig tilleggsutstyr. Leiar av Høyanger sjukeheim er ansvarleg for at sjukeheimen har ein plan for å handtere dette samt oversikt over senger i reserve.

2.8.1 Leiarar av institusjonane Høyanger og Kyrkjebø

Leiar for heimetenestene er ansvarleg for at heimetenesta har ein plan for dette arbeidet og skal også registrere behov for ekstra hjelp hos gamle og funksjonshemma som elles er i stand til å ta vare

på seg sjølv. Behov for ekstra ressursar skal meldast til kommunalsjef for helse og sosial. Behov for ekstra ressursar skal meldast til kommunalsjef for helse og sosial

Leiar av Høyanger sjukeheim skal skaffe opplysningar om pasientar heimehøyrande i kommunen som kan bli utskrivne og sendt heim, og som treng tilsyn eller pleie heime.

Leiar av Høyanger sjukeheim skal, i direkte samarbeid med kommunalsjef for helse og sosial, bistå medfordeling av oppgåver og iverksette nødvendige omprioriteringar av daglege gjeremål. Sjukeheimsavdelingane må pårekne å bli direkte berørt ved katastrofar med auka behov for mottak av ekstra pasientar. Sjukeheimen skal ha eigne oppdaterte varslingslister for eige personell.

Grunna heildøgnsdrift og mottaksstad for hjelpetrengande ,og evt skadde, i ein krisesituasjon vert beredskapsplanane til avdelingane i pleie-og omsorg synt detaljert i denne planen.

- **Detaljert plan for Høyanger sjukeheim gjeldande beredskap, staumbrot og sambandsvikt.**

Fase/føremål	Tiltak	Ansvar	vedlegg
Varsling (umiddelbart)	<ul style="list-style-type: none"> • Varsle på vakttelefon Høyanger Bustadstifting 97 97 77 30(dersom sambandet er nede send nabo, for å gi beskjed til vaktmestar) • Vaktmestar kontakter BKK VAKT 57 72 23 40, evt teknisk vakt 99 21 94 00. • Etter 2 t kontakt avdelingsleiar 99 2193 05 ved straumbrot(kan drøye til 4 t på natt, eller dersom det er varmt vær) • Avdelingsleiar varslar kommunalsjef 	Vakthavande på sjukeheimen	
Varsling etter 2-4t.	<ul style="list-style-type: none"> • Batteri gir nødstraum til pasientsignal, branntavle, nødllys i 1 time. • Staumaggregat vil starte automatisk, og gir sraum til alle funksjoner utenom varme. 	Vaktmestar	Telefonliste
Oversikt over	<ul style="list-style-type: none"> • Teknisk vakt vil starte oppvarming med oljekjel manuelt. 	Vakthavande	Plan for helsemessig beredskap.

nødstaum og aggregat bruk.		vaktmestar	
Få oversikt over medisinsk teknisk utstyr som muligens må restartast pga staumbrudd	<ul style="list-style-type: none"> • O2 konsentrator? • Forstøvar apparat? • Sondeærnering? • Respiratorpasienter? • Smertepumpe? Dei går oftast på batteri. • Anna utstyr- batteri som er på ladding? 	Ansvarshavande	Brukarperm
Fase/føremål Avgrense/ Prioritere staumbruk	<ul style="list-style-type: none"> • Avtale med vaktmestar kva vi treng straum til. Må noko koblast ut? 		
Informasjon- Beredskap vidare	<ul style="list-style-type: none"> • Få oversikt/informasjon om ca tid for straumbrot. • Intern kriseleiing: ved staumbrudd over 6 timar. Møtast for å avklare vidare situasjonen. • Ved straumbrudd over 24 t må Høyanger 	Vaktmestar Avd.leiar i Høyanger	

	<p>sjukeheim forberede seg på å ta imot pasienter og tilsette frå Kyrkjebø sjukeheim.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det kan og vere behov forå ta imot heimebuande. 	<p>Kyrkjebø Kommunalsjef</p>	
Evakuering	<ul style="list-style-type: none"> • Behov for ekstra personale til samanståing av bugruppe • Flytte pasienter frå bugruppe 2 til bugruppe 3, for å frigjere plasser til Kyrkjebø sjukeheim. • Flytte pasienter frå gruppe 4 til gruppe 5, for å frigjere plasser til Kyrkjebø, og evt. heimebuande. • Informere kjøkkensjef om midlertidig flytting, og levering av mat-varer. 	<p>Ansvarshavande og Avdelingsleiar .på Kyrkjebø- Høyanger sjukeheim Vaktmestar Avdelingsleiar I open omsorg.</p>	Telefonliste
Varsling/informasjon til pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Så langt som råd, ta seg tid til å informere pårørande om midlertidig flytting pga straumstans. 		
Omstilling	<ul style="list-style-type: none"> • Planlegge løysingar for alternativ/midlertidig drift av alders-/sjukeheimen 	<p>Avdelingsleiar på institusjon og open Omsorg.</p>	

Ring avd. leder på telefon 99 21 93 05 dersom strømmen er vekke over 2 timer (send personell eller nabo dersom samband er nede)

Varme: (Ved strømrubd vil El kjel koble seg ut) Det kan bli fort kaldt pga ingen/lite oppvarming: Teknisk vakt fra Høyanger Bustadstifting vil starte oljekjel manuelt, som gir varme til hele bygget.

Personellbehov: Personell kallast inn ekstra ved behov. Sjå telefonliste, evt sende personell/ naboar)

Kriseleiing: Intern Kriseleiing møtast i Høyanger etter 6 timar for å avklare vidare situasjonen

Ved strømbrot over 1 døgn:

- Ved straumbrot over 24 timer må Høyanger sjukeheim forberede seg på å ta imot pasientar og tilsette frå Kyrkjebø sjukeheim.
- Det kan også være behov for å ta imot andre med ett hjelpebehov.

Sentralkjøkken

- Ved straumbrot over 24 timer kan sentralkjøkken også fungere for andre institusjoner i Høyanger kommune.
- Emballasje for varm mat klargjørast og mat leverast ferdig varma etter behov.

Tiltakskort – Beredskap og straumbrot for Kyrkjebø sjukeheim.

Fase/føremål	Tiltak	Ansvar	Vedlegg
--------------	--------	--------	---------

<p>Varsling (umiddelbart)</p> <p>Varsling etter 2- 4t timar</p> <p>Oversikt over naudstrøm og aggregat bruk</p>	<ul style="list-style-type: none"> Varsle på vakttelefon Høyanger Bustadstifting 97 97 77 30 (Dersom samband nede send nabo for å gi beskjed til vaktmester) <p>Vaktmester kontakter evt BKK vakt 57 72 23 40, evt Teknisk vakt 99 21 94 00</p> <ul style="list-style-type: none"> Etter 2 t kontakt avdelingsleder 99 21 93 61 ved straumbrudd. <p>(kan drøye det til 4 t på natt dersom det er sommer/varmt vær)</p> <ul style="list-style-type: none"> Avdelingsleiar varsler kommunalsjef <p>(Evt samle kriseteam På HS etter 6 t)</p> <ul style="list-style-type: none"> Batteri gir nødstrøm i 1 time til nødlis, branntavle, pasientsignal og branntavle Vaktmester må starte aggregat innen 1 t. <u>Aggregat gir kun begrensa med strøm.</u> Ikkje strøm til heis, oppvarming, ventilasjon og varmtvatn (Vinterstid 24 t før evakuering pga kaldt) 	<p>Vakthavande</p> <p>Vaktmester</p> <p>Vakthavande på Sjukeheimen</p> <p>Vaktmester</p>	<p>Telefonliste</p> <p>Plan for helsemessig og sosial beredskap</p>
<p>Få overikt over medisinsk teknisk utstyr som er avhengig av strøm</p>	<ul style="list-style-type: none"> O2 konsentrator byttast ut til O2 kolbe Forstøvarapp- Kan vi nytte Babyhaler? Sondeernæring- Går pumpa på batteri ? Respiratorpas ? Smertepumpe- går den på batteri? Anna utstyr vi må tenke på? Må pas flyttast med ein gong -ring ambulanse 	<p>Ansvarshavande</p>	<p>Brukerperm</p>

Fase/føremål	Tiltak	Ansvar	Vedlegg
<p>Avgrense/ prioritere straumbruken til 25-30 kwt</p> <p>(Vanlig forbruk er 70 kwt)</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Avtale med vaktmester <u>kva vi til ein kvar tid treng straum til</u> ,så vil dei koble inn og ut soner etter behov. T.d oppvaskmaskin, komfyr, vannkoker 	Vaktmester/ Ansvarshavande	
<p>Telefon</p> <p>Flytte pasientane pga kulde</p> <p>Matservering</p> <p>Personlig stell</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Telefonane kan virke når aggregatet går. • Dersom ikkje så kan private mobilar og nødtelefonen til Kyrkjebø sjukeheim virke så lenge vi telesamband. • Etter 6-8 t må pasientane samlast i 1 etg pga oppvarmingsbehov • Sengane og utstyr må då trillast ut pga heismangel • Snømåking i forkant? • Alternativ oppvarming i 1 etg treng ex tilsyn og utlufing • Tilnærma vanlig drift, men straumbruken må heile tida planleggast i lag med vaktmester • Varme vatn på vannkoker. Lett stell ved behov. 	<p>Avdelingsleder</p> <p>Personellet</p> <p>Vaktmester</p> <p>Vaktmester</p> <p>Ansatte/vaktmester</p>	<p>Telefon- liste</p>
<p>Evakuering til Høyanger sjukeheim</p> <p>Forsettelse.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Ved straumbrudd over 1 døgn: Evakuering pga kulde. • Avtal med Høyanger sjukeheim 99 21 94 13 • Personell kallast inn ekstra • Bestill ambulanse, Dalestova sin buss, taxi osv • Vaktmesterane flytter sengane og hjelpemiddel 		<p>Telefon- liste</p>

Evakuering	<ul style="list-style-type: none"> • Få med medisinane og pasientpermane • Mors: Køyrastr kapell i Høyanger 	Ansvarshavande	
------------	---	----------------	--

Personellbehov:

- Personell kallast inn ekstra ved behov, spesielt om det blir flytting. (Sjå telefonliste, evt sende personell/ naboar)

Personell skal evt. omdisponerast. Personell i ferie/permisjon/frivakt skal vurderast innkalt. Sjukeheimen skal ha varslingslister for eige personell.

Høyanger sjukeheim og helsesenter, har aggregat og sikker straumforsyning og brukarar med særskilte behov må behandlast der.

Tiltakskort –Beredskap og straumbrot på sjukeheimer og omsorgsbygg.vedlegg

Fase/føremål	Tiltak	Ansvar	Vedlegg
Varsling (umiddelbart)	<ul style="list-style-type: none"> • Varsle på vakttelefonen 97 97 77 30. Dersom det ikkje er samband må personell sendes for å varsle manuelt. På natt bør naboar sendast. 	Vakthavande	Detaljert aksjonsplan
Nødtiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Følgje aksjonsplan for strømbrodd. Obs på medisintekniske hjelpemiddel • Vaktmester kontakter BKK (57722340) for å få en orientering 	Vakthavande	Brukarperm
Orienterer seg om situasjonen	<ul style="list-style-type: none"> • Forsikre seg om at leiinga ved sjukeheimen er varsla 	Vaktmester	Detaljert aksjonsplan
Varsling etter 2 timar	<ul style="list-style-type: none"> • Varsle næraste overordna 	Vakthavande	Telefonliste
Varsling av kommunalsjef	<ul style="list-style-type: none"> • Oppmøte på kantina på HS. Sette i verk tiltak etter behov og intern loggføring 	Avdelingsleiar	Telefonliste

Samling av internt kriseleiing etter 6 timar	<ul style="list-style-type: none"> Varsle rådmann og ordførar Start loggføring 	Kommunalsjef	Lokal aksjonsplan
Varsling av ekstern kriseleiing		Kommunalsjef Kriseleiing	Plan for helsemessig og sosial beredskap
Oppgåver for intern kriseleiing	<ul style="list-style-type: none"> - Avklare telefonsamband eventuelt innhenting av andre ressursar. Behov for spesielt tekniske hjelpemidlar? Nødvendig å be om hjelp av eigen representant for ekstern kriseleiinga til skadestaden? 	Intern kriseleiing Intern kriseleiing Kommunalsjef	Lokal aksjonsplan Brukarperm Plan for helsemessig og sosial beredskap

2.9 OPEN OMSORG

Heimetenesta må pårekne å bli direkte berørt ved katastrofar i fred med auka behov for heimesjukepleie og heimhjelp. Heimetenesta skal ha eigne oppdaterte varslingslister for eige personell.

Avdelingane i open omsorg samt institusjonane har til ei kvar tid oversikt over brukarar av nødvendig medisinsk utstyr. Tryggleiksalarmliste vert oppdatert kvar månad, samt oversiktsliste over rullestolbrukarar, brukarar av personalløftarar, inhalasjonsapparat og respirator. Desse listene vert oppdatert kvar veke, eller ved brukarendringar. Avdelingane har detaljerte arbeidslister. F.t er det ein brukar med heimerespirator i pleie-og omsorgstenesta i kommunen. Respiratoren er også batteridreven, men denne brukaren vil trenge sjukeheimplass i Høyanger ved lenger straumstans. Nokre brukarar i open omsorg som er avhengig av rullestol og personalløftar, vil trenge sjukeheimplass ved straumstans over 6 timar. Dette vil også gjelde brukarar som nyttar inhalasjonsapparat for medisinerings.

Alle avdelingane har svært detaljerte arbeidslister som vert gjennomgått og oppdaterte dagleg.
 Pasientlister- oppdatert dagleg
 Risikobrukarar – brukarar med særskilte behov kartlagt og dokumentert
 Brukarperm- backup for datainfo- med brukarkort med adresse og kontaktinfo, medisinkort og vurdering av brukar sitt funksjonsnivå i alle avdelingar.

Høyanger open omsorg.

Tiltakskort – Beredskap og straumbrot Open omsorg Høyanger

Fase/føremål	Tiltak	Ansvar	Ref.
Varsling	<ul style="list-style-type: none"> • Dersom samband er nede må personell evt. nabo sendast for å gi beskjed til nærmaste vaktmeister. • Heimetenesta skal ha eigne oppdaterte varslingslister for eige personell • Ring avdelingsleiar på tlf. 99219315 dersom straumen er borte i over 2 timar(send personell eller nabo dersom samband er nede) 		
Nødsituasjon i omsorgsbygget	<ul style="list-style-type: none"> • Batteri gir nødstrøm til branntavle og nødllys i 1 time. • Det er ikkje strømaggregat eller varme på bygget ved straumbrot. • Vinterstid kan leigetakarane opphalde seg i bygget i maks 6 timer før evakuering må vurderast • Årstid, verforhold, temperatur, varigheit av straumbrot og evt. særskilde pasientgrupper er avgjerande for kva tiltak som vert sett i verk • Teknisk vakt frå Bustadstiftinga vil orientere om situasjonen og mulig varigheit av denne. • Lommelykter ligg på kvart sonekontor • (utstyrskorga) 		
Tiltak			
Skaffe oversikt	<ul style="list-style-type: none"> • Gå gjennom oppdaterte arbeidslister/ alarmperm der ein har oversikt over samtlige brukarar. • Kartlegg kven som har behov for hjelp i ein tidleg fase- vurder om pasienten må flyttast umiddelbart. Ring om nødvendig ambulanse. • Dette gjeld blanta anna brukarar som har følgjande utstyr: -Respiratorpasientar 		

	<p>-O2- konsentrator(bytast ut med O2- kolbe?)</p> <p>-Forstøvarapparat(kan ein bruke babyhaler?)</p> <p>-Sondeernæring(kan det settast manuelt?)</p> <p>-smertepumpe(går den på batteri eller vi ein starte andre smertestillande tiltak?)</p> <p>- anna utstyr som er aktuelt?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sjekk at alarmer hos ALLE brukarane fungerer • Alle må få regelmessig tilsyn i forhold til temperatur og mat/ drikke. • Føre oversikt over pasientar som vert evakuert. 		
Telefonsamband	<ul style="list-style-type: none"> • Kontortelefonane vil ikkje fungere ved straumbrot • Private mobiltelefonar og naudtelefonar fungerer så lenge Telenor er opp og går. 		
Flytting til andre lokaler	<ul style="list-style-type: none"> • Ved straumbrot om sommaren vurderast situasjonen time for time • Det kan fort bli kaldt pga. ingen oppvarming • Etter 2 timer må ein vurdere om Open Omsorg skal flytte til andre lokalitetar hos Høyanger Helsecenter. Dette skal avklarast med avdelingsleiar/kommunalsjef. • Dersom behov for flytting skal permar og andre hjelpemiddel takast med. Sett opp skilt på dør som viser kor Open omsorg har flytta. 		
Personellbehov	<ul style="list-style-type: none"> • Personell kallast inn ekstra ved behov etter avkalring med avdelingsleiar. Sjå telefonliste, evt. sende personell/ nabo. 		
Varsling/informasjon til pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Behov for informasjon til familie/pårørande til eigne tilsette? 		

Ved straumbrot over 2 timar Omsorgsbustadane Evakuering	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere evakuering av brukarar som t.d. ikkje har pårørande i nærleiken. Dei som har pårørande må vere hos dei viss mulig. • Vurdere evakuering til dagsenteret(som har strøm via aggregat) • Ved evakuering av pasientar som er avhengig av rullestol og er tilknytta 2 etg. Omsorgsbygget, fins det bære og bærestol plassert i 1 etg ved branntavle • Føre liste over brukarar som blir evakuert • Starte arbeid i kommunen sitt kriseteam 		
Ved straumbrot over 2 timar Høyanger tettstad	<ul style="list-style-type: none"> • Som ovanfor • Hjetlandsbakkane • Heisen vil ikkje fungere. Ta med bære eller bærestol frå omsorgsbygget for evakuering • Vurder behov for hjelp av ambulanse, sivilforsvaret etc. 		
Kriseleiing	<ul style="list-style-type: none"> • Intern kriseleiing møtast i Høyanger etter 6 timar for å avklare situasjonen 		

Etter 2 timer vurderes det om Open omsorg skal flytte til andre lokaliteter hos Høyanger Helsecenter. Dette avklarast med avdelingsleiar/ kommunalsjef.

- Dersom det er behov for flytting skal permar og andre hjelpemiddel takas med. Sett opp skilt på dør som viser hvor Open omsorg er flyttet.

Personellbehov:

- Personell kallast inn ekstra ved behov.

Sjå telefonliste, evt sende personell/ naboar)

Strømbrot over to timar i Omsorgsbustadane

- Ved strømbrot over lenger tid må ein vurdere evakuering av brukarar som t.d. ikkje har pårørande i nærleiken. Dei som har pårørande må vere hos dei viss mogeleg.
- Vurder evakuering av brukarar til dagsenter (som har strøm via aggregat).
- Ved evakuering av pasientar som er avhengig av rullestolar og er tilknytta 2 etg i omsorgsbygget, fins det bære og bærestol plassert i 1 etasje ved branntavle.
- Føre liste over brukarar som blir evakuerte.

Strømbrot over to timar Høyanger tettstad

- Som innleiingsvis ovanfor.
- Gå gjennom oppdaterte arbeidslistar/ alarmpermar for å kartlegge brukarar som har behov for hjelp i ein tidleg fase. Dette gjelder særskilt dei med medisinsk utstyr, stort hjelpebehov og utan nære pårørande.
- Vurder om disse skal evakuerast til Høyanger sjukeheim eventuelt anna areal på Høyanger Helsesenter.
- Samarbeid med pårørande og la dei ta hand om aktuelle brukarar.
- Føre liste over brukarar som blir evakuerte.

Ved strømbrot over to timar i Høyanger tettstad

- Som ovanfor.
- **Hjetlandsbakkane**
- Heisen vil ikkje fungere. Ta med bære eller bærestol frå omsorgsbygget for evakuering.
- Vurder behovet for hjelp av ambulanse, sivilforsvaret etc.

Lavik open omsorg.

Tiltakskort – Beredskap og straumbrot i Open Omsorg Lavik

Fase/føremål	Tiltak	Ansvar	Ref.
Skaffe oversikt	<ul style="list-style-type: none">• Bademeister Ottar Strandheim skal ha beskjed på tlf 90039595 eller 57710842. Dette gjeld om straumen kjem fort att.• Dersom ein ikkje får kontakt med Ottar Strandheim, ringer ein teknisk vakt tlf 99219400• Branntavla i 2. etasje vil pipe ved straumbrot. Trykk avstill, og batteridrift koblar inn. Når straumen kjem attende, trykkjer ein tilbakestill, for at anlegget skal komme	Vakthavande	

	<p>tilbake til normal drift.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ring BKK sin feilmeldingstelefon 05123 for informasjon om lengden på straumbrotet. • Lommelykt heng oppe på lista ved døra til heimesjukepleiekontoret og ved branntavla. 		
Brukarar	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere lengda på straumbrot opp mot årstid og temperatur med tanke på kor tid ein må tilkalle ekstra personell. • Gå gjennom arbeidslistar. Vurder kven som treng hjelp. • Tryggleiksalarmane virkar ved straumbrot. Går over på batteridrift, og vil då blinke raudt. Dersom telefonlinja dett ut, virkar dei ikkje. • Regelmessige tilsyn: <ul style="list-style-type: none"> - sjekk varme i bustad - tilgang til lommelykt - har brukar pledd - sjekk alarm - tilgang til mat og drikke <p>Vurdere å ringe til oppegåande brukarar.</p> <p>Vurdere helsetilstand, kan brukar vere åleine heime?</p>	Vakthavande	
Langvarig straumbrot	<ul style="list-style-type: none"> • Brukarar med respirator eller anna medisinsk utstyr må evakuerast til Høyanger Sjukeheim. Noverande brukarar har utstyr med batteri som koblar inn ved straumbrot, men uvisst kor lenge dette held. • Brukarar med stort hjelpebehov og brukarar 	Vakthavande/ Avd.leiar	

	<p>utan nære pårørande må vurderast evakuering til Høyanger sjukeheim.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dersom aggregat ikkje er mogleg, spør pårørande om å ta brukarane heim til seg. 		
Aggregat	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere behov for aggregat. Ved sterk kulde på vinter bør det på plass raskt, då ein ikkje har andre varmekjelder enn straum på Helsesenteret og Gulehuset. • BKK har tilgang til aggregat 	Avd.leiar/Kom m.sjef/BKK	
Bemanning	<ul style="list-style-type: none"> • Tilkall ekstra personell om situasjonen krev det • Sjå varslingsplan i avdeling • Godkjennast av avd.leiar 	Vakthavande	
Telefonsamband	<ul style="list-style-type: none"> • Kontortelefonar virkar ikkje ved straumbrot • Mobilar virkar så lenge mobilnettet fungerer • Er ein utan samband, send personell/ naboar om ein må varsle nokon. 	Vakthavande	

Innkalling av ekstra personell skal klarerast med avd.leiar eller kommunalsjef for helse og sosial. Sjå varslingsliste i avdelingen.

Dersom aggregat ikkje er mogleg, må ein spør pårørande om å ta brukarane heim til seg. Brukarar med stort hjelpebehov og brukarar utan nære pårørande må evakuerast til Høyanger sjukeheim. Brukarar med respirator, eller anna utstyr som treng straum, må evakuerast til Høyanger Sjukeheim ved langvarig straumbrot. Noverande brukarar har utstyr med batteri som koblar inn ved straumbrot, td men uvisst kor lenge dette held.

Avdelinga har arbeidslister som vert oppdaterte dagleg/ kvar veke og permar med oversikt over alle brukarane. Dei inneheld hovedkort, diagnoser, medisinlister og adl-score.

SØRSIDA open omsorg.

Tiltakskort –Beredskap og straumbrot i open omsorg / Sørsida Bygdetun

Fase/føremål	Tiltak	Ansvar	Ref.
Skaffe oversikt	<ul style="list-style-type: none"> • Ring BKK sin feilmeldingstlf. 05 123 <ul style="list-style-type: none"> ○ informasjon om varigheit på straumbrotet • årstid, vertilhøve, temp, lengden på straumbrot, evt. sårbare brukargr. • Gå igjennom oppdaterte arbeidslister/ kartlegge kven som har behov for hjelp i tidleg fase • Lommelykt ligg på begge kontora <li style="text-align: center;">-årleg sjekk at batteria er inntakt 	Vakthavande Vakthavande	
Brukarar	<ul style="list-style-type: none"> • som treng straum til med. utstyr bør vurderast flytta til HS/KS ved straumbrot over 2t • får regelmessig tilsyn: <ul style="list-style-type: none"> ○ sjekk varme i bustad ○ tilgang til drikke og mat 	Vakthavande/ avd.leiar Vakthavande	

	<ul style="list-style-type: none"> ○ tilgang til lommelykt ○ sjekk alarm (går over på batteridrift, men virker ikkje visst telefonlinja dett ut) <ul style="list-style-type: none"> • blir det kaldt skal bebruarane plasserast i fellesstova, som held god varme ved hjelp av vedfyring <ul style="list-style-type: none"> ○ ved skal alltid vere på lager i kjellaren 	vakthavande	
Telefonsamband	<ul style="list-style-type: none"> • kontor telefonar virkar ikkje ved straumbrot • mobilar virkar så lenge telenor er opp og går • send personell/naboer visst ein må varsle nokon fysisk utan samband 	Vakthavande	
Aggregat	<ul style="list-style-type: none"> • vurderast ved sterk kulde eller straum er vekke meir enn 24t, av BKK eller kommunalsjef for helse og sosial • BKK har tilgang til aggregat 	Avd.leiar/kom m.sjef/BKK	
Bemanning	<ul style="list-style-type: none"> • Tilkall ekstra personell om situasjonen krev det • Sjå varslingsplan i avd. • Godkjennast av avd.leiar 	vakthavande	
Heimebuande brukarar	<ul style="list-style-type: none"> • Sjekke at brukar har tilgang til lommelykt, varme, mat og drikke • Vurdere helsetilstand, kan brukar vere aleine heime? 		

	<ul style="list-style-type: none"> - ofte tilsyn av heimespl o evt. be pårørande om hjelp o evt. ta brukar inn på avlastingsrom på bygdetunet 		
--	--	--	--

OVERSIKT OVER BRUKARANE PÅ BYGDETUNET SITT TENESTEBEHOV evt. brukarar med medisinsk utstyr som treng straum t.d respirator, lyt evakuerast til Høyanger sjukeheim om ein ikkje får på plass aggregat på staden innan kort tid ved straumbrot td.

Alle bebruarane får regelmessig tilsyn for å sjå til at dei har det varmt nok og tilgang til mat og drikke. Bebruarar med ekstra hjelpebehov må vurderast om det evt. er behov for evakuering til Høyanger sjukeheim.

2.10 BARNEVERN TENESTA.

Barnevernleiar eller stedfortredar med vedtaksmynde, må vere førebudd på å iverksetje tiltak på kort varsel når barn vert berørt ved at omsorgsperson over kortare eller lengre tid vert ute av stand til å ivareta sine omsorgsoppgåver som konsekvens av ulukke/krisesituasjon.

Tiltakskort – Beredskap Barnevern-ROS-analyse

Fase/føremål	Tiltak	Ansvar	Ref.
Beredskap når 1 tilsett er sjuk	<ul style="list-style-type: none"> • Langvarig sjukdom krev vikar i fagstilling. • Ved kortare sjukmelding, må andre tilsette i tenesta overta saksansvaret. • Tenesta skal ha som mål å gjennomføre møter og samtalar som krev mykje koordineringsarbeid å få gjennomført. • Evt avtale med dei involverte i sakene å avvente vidare arbeid. 	Barnevernleiar/ andre tilsette	
Beredskap når 2 tilsette er sjuke	<ul style="list-style-type: none"> • Langvarig sjukdom krev vikar i fagstillingar. • Ved kortare sjukmeldingar, må arbeidsgjevar saman med barnevernleiar vurdere behovet for å setje inn vikarar, evt • Samarbeide med barneverntenester i nabokommunar. • Ein felles sjukedag for tilsette inneberer ikkje behov for vikar, tilsette sjølve er ansvarlege for å avlyse eventuelle avtalar den aktuelle dagen. 	Barnevernleiar/ andre tilsette	

Beredskap utanfor ordinær arbeidstid	<ul style="list-style-type: none"> • Barneverntenesta har ikkje vaktberedskap utanfor ordinær arbeidstid kvardager mellom kl 08.00-15.30. • Ved behov for barnevernfagleg personell utanfor arbeidstida, må ein kontakte politi som <u>kan</u> fatte akuttvedtak om midlertidig plassering. • Politiet er gjort kjend med barnevernleiar sitt personlege mobiltnr og kontaktar barnevernleiar ved behov. 		
